

## Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 20.08.2014

RS/67 **Tom Skauge** sette fram oversendingsforslag.

SV ber om at administrasjonen lagar prognosar for køkostnadane som kollektivtrafikken har i Bergensregionen.

### Røysting

Forslaget fekk 1 røyst og fall.

RS/71 **Alf Helge Greaker** stilte spørsmål om departementet har respondert på brevet frå NHO om kontantfri kollektivtransport.

Frå Skyss vart det opplyst at det så langt ikkje har kome nye signal frå departementet.

RS/72 **Tom Skauge** sette fram oversendingsforslag.

SV ber administrasjonen gjere greie for kva avtalar som er gjort med BNR for å sikre seg mot risiko for bortfall av transport og økonomisk tap.

### Røysting

Forslaget fekk 1 røyst og fall.

RS/75 **Atle Kvåle** gav uttrykk for at dei som kan påverka beslutningstakarane i denne saka må arbeida aktivt for at eitt av bompengeselskapa vert lagt til Hordaland.

RS/76 **Pål Kårbø** stilte spørsmål om kva kriteria som vert lagt til grunn ved vurdering av opsjonar.

Frå Skyss vart det opplyst at fylgjande 3 kriteria vert lagt til grunn:

- Økonomien i anbodet
- Kvaliteten i anbodet
- Kapasitet i Skyss sin organisasjon.

RS/78 **Anne-Line Innvær** sette fram fylgjande forslag.

1. Ein ber om at det vert innarbeida mogelegheitsstudie for fylkesvegsamband med tilknytning til E39 (Aksdal-Os) som grunnlag for prosjektet.
2. Ein ber om at avklaring om kontraktstype kjem som eiga sak fyrst i prosessen.

### Røysting

Forslaget frå Anne-Line Innvær pkt 1 vart vedteke mot 4 røyster (FRP, V, H (Silja Ekeland Bjørkly)).

Forslaget frå Anne-Line Innvær pkt 2 vart vedteke med 8 røyster (A, SP, SV, KRF, V).

RS/80 **Tom Skauge** sette fram oversendingsforslag.

Statens vegvesen svarar at dei ikkje vil berekne nyskapt CO2 utslepp i Bergensdalen.

SV ber administrasjonen ta initiativ til ei analyse av nyskapt utslepp av CO2 i Bergensdalen når trafikken etter prognosane kan auke til 15 000 ÅDT.

### Røysting

Forslaget fekk 1 røyst og fall.

RS/82 **Tom Skauge** sette fram oversendingsforslag.

SV ber om at HfK tek kontakt med jernbaneverket for å få ny omformastasjon i Arna inn i Handlingsprogrammets første del.

#### **Røysting**

Forslaget fekk 1 røyst og fall.

RS/83 **Einar Lutro** stilte fylgjande spørsmål.

Vil fylkesrådmannen i samband med revisjon av RTP-handlingsprogram vurderer ei mindre utbetring av flaskehalsar på Fv 550 Odda-Utne. Spesielt ved Rogdaberg/Kråkevik.

RS/84 **Alf Helge Greaker** etterlyste tiltak for den Europeiske Trolleybusdagen.

RS/86 **Silja Ekeland Bjørkly** hadde fylgjande tilleggsspørsmål til meldinga.

1. Ber om nye oppdaterte tal over kjelder til luftforureining i Bergen.
2. Er desse kjeldene konstante, eller varierer det med årstider og temperatur? Korleis fordeler kjeldene seg på dagar med såkalla inversjon?
3. Trafikk utgjør den aller største kjelda til forureining, er det mogeleg å svara på kor stor del av desse dieselskjøretøy står for, og er det mogeleg å seia noko om fordelingen mellom privatbilismen og tungtrafikken?

RS/87 **Tom Skauge** sette fram protokollmerknad.

SV beklagar at SVV ikkje ser verdien av å betre standarden på vegen i Bergsdalen for å ha betre beredskap for omkjøring ved stenging av E16.